

Informasjon om Between - Våren 2018



CHRISTIANS
AIN'T PERFECT
BUT JESUS IS!

Denne blir sendt til dei som har vore med på Between tidlegare, og dei som er døypt og fødd i 2007.

Kven, kvar og når?

Between er for alle som vil, som går i 5.-7. klasse. Møtestad er Evjens Minne og henting ved Ål kyrkje. Vanlegvis treffast me fredagskveldar mellom 1800 og 2100.



- 16.februar: leik og info om vårprogrammet
- 16.mars: talentshow - vis noko du kan!
- 20.april: aking i Ål skisenter med grilling
- 25.-26.mai: avslutning med overnatting for dei som vil, på Evjens Minne

Program, eventuelle endringar og info om leir blir etter dette informert om på facebook-gruppa «Between føresette». Dersom du ikkje brukar fb så gje beskjed til ein av oss, og me sender deg info på epost eller sms! 😊



Kva gjer me på Between?

Nokre vaksne (3-5 stk) er tilstades og legg til rette for aktivitetar som borna er med på å bestemme sjølv. Dette kan vere ute-/inneleikar, aking, spele bordspel, uhøgtideleg talent-konkurrans, lage mat, sjå film, ein liten andakt, syngje og spele musikk. Me prøver å legge til rette for å dele tankar og prate om kva det vil si å tru på Jesus. Kveldane blir vanlegvis avslutta med ei stille stund i kyrkja der me pratar litt og ber saman.

Pris?

Me legg opp til at dei som er med betaler kr. 100,- pr semester for å dekkje noko av utgiftene til mat for samlingane + husleige og medl.skap i Acta/Normisjon. Dette medlemskapet gjer at vi får økonomisk støtte som langt overgår medlemspengane. Bruk konto: 2320 15 76997. Merk med navn på den det gjeld for.

Helsing leiarane:

Ingvild Kaslegard – 90041993
Anne Kjersti Frøyen - 90133806
Marianne Laa – 97165167

- ta gjerne med ein ven eller tre!